

Vilkår for studium med studieavgift ved Høgskulen på Vestlandet.

Innleiande reglar:

I dette dokumentet blir kunde, student og tenestemottakar omtala som «studenten», og er den personen Høgskulen på Vestlandet (HVL) har inngått direkte avtale med om deltaking på eit studium. Alle utdanningar med studieavgift er omtala som «studium».

Ved å takke ja til tilbod om studieplass ved HVL aksepterer studenten *Vilkår for deltaking på studium med studieavgift ved Høgskulen på Vestlandet*. Vilkåra gjeld for alle som takkar ja til studieplass ved HVL, uavhengig av omfanget på utdanninga.

Vilkåra blir sendt ut saman med tilbod om studieplass og det er studenten si plikt å setje seg inn i vilkåra før studenten takkar ja til studieplassen. Det er studenten sitt ansvar at vilkåra er oppfylt.

HVL kan endre vilkåra, men må då sende eit varsel på e-post seinast 30 dagar i forkant. Dei gjeldande vilkåra er tilgjengelege på nettsidene våre. Sjå og våre [vilkår for personvern](#).

Studieavgifta blir fastsett av HVL og varierer frå studium til studium. Prisjusteringar kan kome, men vil ikkje innverke på prisen for studentar som er tatt opp på studiet. Det kjem fram av nettsida til studiet kva studieavgifta for det enkelte studium omfattar.

[Semesteravgift¹](#) kjem i tillegg til studieavgift og er regulert i [studentsamskipnadsloven § 10](#).

Semesteravgift er ei fast avgift alle studentar som deltar på studium med eit omfang på 15 studiepoeng eller meir pr. semester pliktar å betale.

Betalingsvilkår:

- 1) Avtale om deltaking på studium med studieavgift er økonomisk bindande etter angrefristen sitt utløp og heftar personleg studenten som har takka ja til studieplass.
- 2) Studenten pliktar å betale semesteravgift og studieavgift i høve til gitte betalingsfristar, samt gjeldande **Vilkår ved avbrot eller permisjon frå studiet**.
- 3) Semesteravgifta må betalast innan 14 dagar etter oppstart, men seinast 10. mars i vårsemesteret eller seinast 10. oktober i haustsemesteret.
- 4) Betaling av heile studieavgifta må være registrert seinast 14 dagar før eksamen. Sjå meir informasjon om HVL sine fristar for [oppmelding og avmelding til eksamen](#).
- 5) Dersom andre enn studenten sjølv skal betale faktura, er det studenten sitt ansvar å informere HVL om korrekt fakturainformasjon. Dette skal gjerast skriftleg pr. e-post til administrativ kontaktperson i HVL med følgjande informasjon: Namn på arbeidsgjevar, organisasjonsnummer, adresse og «deira referanse». Studenten er økonomisk og juridisk ansvarleg for at alle avtalevilkår blir innfridd. Dersom det oppstår problem med faktura eller betaling skal studenten ta kontakt med post@hvl.no eller administrativ kontaktperson.

¹ Det er pr. 11.02.21 satt i gang eit arbeid med å vurdere semesteravgifta for studium med studieavgift ved Høgskulen på Vestlandet, vilkåra vil bli oppdatert i tråd med resultatet av det arbeidet.



- 6) Dersom studieavgifta ikkje blir betalt i høve til oppgitt forfallsdato, vil det bli sendt ut purring. Purregebyr kan kome til, samt morarenter i høve til [forsinkelsesrenteloven](#). Ubetalt krav vil bli handsama i høve til gjeldande reglar i [inkassoloven](#).
- 7) Ved behov for utsett betaling må studenten kontakte post@hvl.no. Avtale om utsett betaling/ individuell betalingsplan er personleg og kan ikkje bli overdratt til andre.
- 8) Dersom studenten ikkje betalar semesteravgift og studieavgifta innan gitte betalingsfristar, står studenten i fare for å miste studieretten til gjeldande utdanning og moglegheita til å ta eksamen. Studenten må snarast ta kontakt med post@hvl.no eller administrativ kontaktperson ved HVL. Studenten får skriftleg varsel om at hen står i fare for å miste studieretten dersom innbetalt semesteravgift ikkje er innbetalt innan oppgitt frist.

Vilkår ved avbrot eller permisjon frå studiet:

- 9) Før søknadsfristen:
Studenten kan vederlagsfritt trekkje søknaden frem til søknadsfristen går ut. Dette kan gjerast i Søknadsweb og krev ingen ekstra kommunikasjon med HVL.
- 10) Etter at studenten har mottatt tilbud om studieplass gjeld [angrerettloven](#):
 - a. Studenten kan nytte seg av angreretten inntil 14 dagar etter å ha takka ja til studieplassen, jf. angrerettloven § 21. Avmelding av studium skal skje skriftleg per e-post til post@hvl.no med utfylt angrerettsskjema vedlagt, uansett årsak. Ved å nytte angreretten innan fristen fell kravet om betaling av avgifter bort. Bruk vedlagte angrerettsskjema eller last det ned frå nettsidene våre.
 - b. Unntak gjeld dersom studenten er påmeldt tett opptil studiestart og nyttar angreretten etter at studiet har starta. Då må studenten rekne med å betale ein høveleg del av den undervisningstenesta som er mottatt, jf. angrerettloven § 26.
- 11) Angrefristen på 14 dagar går frå avtalen er inngått, uavhengig av om studenten får avslag på lån/stipend frå Lånekassen. HVL har ingen part i avtalen mellom studenten og Lånekassen. Ved bruk av angreretten vil eventuell innbetaling bli tilbakeført til studenten. Etter angrefristen er gått ut gjeld følgjande plikter:
 - a. Etter angrefristen er gått ut og før studiet har starta opp
 - i. Studenten kan søke om permisjon² og ta opp igjen studiet neste gong studiet startar opp. Studenten blir belasta for studieavgift det første semesteret.
 - ii. Dersom studenten avbryt studiet og ikkje startar opp på studiet ved neste opptak, er studieavgifta for første semester å rekne som tapt for studenten.
 - b. Etter at studiet har starta opp
 - i. Studenten kan [søkje om permisjon](#) frå studiet i inntil to semester. Studenten betaler studieavgift for inneverande (påbegynte) semester og kan starta opp ved første moglegheit om emnet blir tilbydd igjen. Dersom studenten likevel avbryt studia, er studieavgifta for inneverande semester å rekne som tapt for studenten. I tillegg blir studenten belasta for studieavgift for påfølgande semester.
 - ii. Ved eventuell godkjenning av permisjonssøknad, tar HVL atterhald om at studiet framleis blir tilbode etter at permisjonstida er gått ut.

² Forskrift om studium og eksamen ved HVL omtalar ikkje denne moglegheita pr februar 2021.



Eksamen og forlenging av studierett:

- 12) Studiet skal gjennomførast i høve til den studie- og emneplan som er gjeldande for studiet til ei kvar tid. Eksamensavvikling skal skje i tråd med eksamensreglementet. Informasjon om [forskrift om studium og eksamen ved HVL](#) og andre reglement finst på [HVL si heimeside](#). Sjå og nyttig informasjon på sida [For studentar](#).
- 13) Dersom studenten er sjuk på eksamen, må studenten levere dokumentasjon på sjukdom seinast 1 veke etter eksamen. Når studenten leverer dokumentasjon i tide brukar ikkje studenten opp eit eksamensforsøk, og kan melde seg opp til eksamen ved neste høve. Sjå utfyllande [informasjon om dette og moglegheit for å kontakte eksamenskontoret](#).
- 14) Ny eksamen (kontinuasjoneksamen) blir arrangert dersom studentar har stroke eller hatt gyldig fråvær på ordinær eksamen. Studenten vil ikkje bli belasta med ekstra kostnader for ny eksamen. Sjå utfyllande [informasjon om fristar og framgangsmåte for oppmelding til ny eksamen](#).
- 15) Studieretten kan ikkje bli forlenga meir enn tre gonger og det er studenten sitt ansvar å sjå til at gjennomførte og godkjente obligatoriske læringsaktiviteter (arbeidskrav) er gyldige før framstilling til ny eksamen. HVL tar atterhald om at studiet framleis blir tilbode. Søknad skal sendast til post@hvl.no eller administrativ kontaktperson ved HVL.

Generelle vilkår:

- 16) HVL reserverer seg retten til å kunne avlyse studiet etter [forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet § 8-6](#). Dersom HVL avlyser studietilbodet skal varsel om avlysing sendast til studenten så tidleg som mogleg og seinast innan 14 dagar før oppstart.
- 17) Dersom HVL sitt misleghald skuldast force majeure, vil ikkje studenten ha krav på kompensasjon, utbetring, refusjon, heving eller erstatning. Som force majeure reknar denne avtalen hendingar som er ekstraordinære, upåreknelege eller utanfor HVL sin kontroll, og som gjer det umogeleg, vanskeleg eller medfører vesentlege ulemper ved å oppfylle avtalen for HVL. Tilhøve som er omfatta er dermed mellom anna innføring av sanksjonar, avgrensingar, vedtak eller andre handlingar frå offentlege eller lokale styresmakter, brann, streik, sjukdomsutbrot og følgjene av slike tilhøve.
- 18) HVL tar generelt atterhald om trykkfeil på nettsidene våre og i sosiale medium. Slike feil skal korrigerast så snart som mogleg.